



*Kristin Skutle var den første som førehandsrøysta ved valet i 2007.*

1. kandidatane i Radøy presenterer seg og partiet sitt valprogram. Du finn og vallistene til kommunevalet 2007.

Side 3,4,5,8,9,10 og11

Aktuell kommentar  
Bruk røysteretten din!

Side 2

Nyttig informasjon om kommunevalet 2007.

Side 6 og 7

Politisk organisering i Radøy kommune.

Side12

## Aktuell kommentar



Valnummeret av Radøy nytt er laga for å gi eit samla oversyn over dei politiske partia med presentasjon av 1. kandidatane. Me har også med kva dei ulike partia har i sine partiprogram. Alle ønskjer så høg valdeltaking som råd er, og me vonar denne oversikta kan bidra til å gjere nettopp ditt val noko enklare.

Kommuneval og lokaldemokratiet handler om å styrkje fellesskapet og om korleis me ønskjer at kommunen og nærmiljøet vårt skal utvikle seg. Stortinget, gjennom statsbudsjettet bestemmer mykje av rammene til ein kommune. I tillegg har kommunane ein del frie inntekter. Det er kommunane som har ansvaret for å forvalte dei økonomiske rammene på best måte.

Radøy kommune har mange utfordringar i åra som kjem. Store investeringar m. a. til skule og nye sjukeheimsplassar er spanande, men det vil også gi utfordringar med omsyn til økonomiske prioriteringar. Kva for velferdsgode skal vi prioritere, kva med prioriteringar innan skule, eldreomsorg, kultur, idrett og kva med ungdommen? Prioriterer kommunen nye arbeidsplassar og satsar på næringslivet? Kva med landbruk, skogbruk og fiske. Vert det satsa på utvikling innan desse

fagområda? Bustadbygging og tilrettelegging av god infrastruktur for framtidig vekst og utvikling er også spørsmål ein bør sjå nærare på. Spørsmåla er mange, og alle har ulike interessefelt dei ønskjer å satse på. Gjer deg opp eigne meiningar om kva du ønskjer å prioritere, og søk etter desse prioriteringane i partiprogramma.

Radøy kommune skal vere moderne og utviklingsorientert. Me ønskjer å vere ein vekstkommune med fokus på kvalitet og tilgjenge. Me vil freista å oppnå visjonen vår om trivsel, tryggleik og livskvalitet for alle. For å få dette til har vi trong for engasjerte politikarar som har tru på kommunen, vi har trong for politikarar som ønskjer å gjere kommunen betre, og som tek ansvar. Er du ungdom – er det særleg viktig at du bruker røysteretten din. Di røyst tel like mykje som alle andre si røyst. Radøy kommune må vere attraktiv også for ungdommen. Me må ha tilbod utover idrett og musikk.

Oppslutninga om lokalvala har gått jamt og trutt nedover, og var i 2003 under 60 % for første gong sidan 1922. Det er sikkert mange grunnar til at fleire enn før let vera å røyste, men konsekvensane av ei stadig lågare valdeltaking er urovekkjande for småkommunane.

Den viktigaste grunngevinga for ein desentralisert kommunestruktur og for eit sterkare lokalt sjølvstyre er omsynet til demokratiet. Avgjerslene skal takast nærast mogleg dei det gjeld, og folk skal sjølve ha høve til å gjera interessene sine

gjeldande. Men den minkande valdeltakinga svekkjer desse argumenta. Når eit kommunestyre er valt av litt meir enn halvparten av alle med røysterett, vitnar det ikkje om eit levande lokaldemokrati. Rådmannen oppfordrar alle med røysterett til å ta turen til røysteurnene. Bak i heftet vil du finne informasjon om røystestader, opningstider, m.m.

### **Ta ansvar og bruk røysteretten !**

Godt val !

Christian Fotland  
Rådmand

RADØY KOMMUNE  
Krossvegen 8 – 5936 Manger  
**Telefon sentralbord:** 56 34 90 00  
**Telefax:** 56 34 90 01  
**E-post til Radøy kommune:**  
postmottak@radoy.kommune.no  
**E-post til ordf. Olav Steinar Namtvedt:**  
ordforer@radoy.kommune.no  
**E-post til Radøy Nytt redaksjonen:**  
rune.rydland@radoy.kommune.no

# RADØY NYTT

vert utgjeven av Radøy kommune.

### **Hovudansvarleg for innhald:**

Rådmand Cristian Fotland

### **Redaktør:**

Kulturkonsulent Rune Rydland

### **Redaksjonskomite:**

Ass. rådmand Leif Taule

Spesialkonsulent Helge Vallestad

### **Layout og sats:**

Rune Rydland

### **Trykk:**

Trykk-Service - 5912 Isdalstø



Ragnar Floen

**Ragnar Floen** 60 år, har ei brei og god politisk røynsle i kommunen vår, er oppteken av at alle saman skal ha det bra. Den politiske utfordring er å få til samarbeid, slik kan me skape ein god kommune saman. Me skal arbeide for å utvikle kommunen vår vidare med næringsarbeid, godt miljø og med trygge og gode oppvekstvilkår og levekår for alle.

Stem arbeidarpartiet, så skal me gjere det me kan for at me kan få den kommune du vil ha. Me løyser utfordringane våre best saman – når alle er med.

### Hovudpunkt i valprogrammet

- Den nye sjukeheimen vert bygd som planlagt på Manger. Drøfte framtida for Hordbøheimen, med involverte parter og med dei som vil hjelpe til.
- Styrke tilbodet til psykiatrien og for dements i kommune vår. Legge vekt på førebyggjande og rehabilitering for dei som har behov for det.
- Forsetta arbeide med samarbeid mellom etatar, nyttar ressursane på beste måte. Samarbeide med lag og organisasjonar for å motvirke einsemd og isolasjon.
- Oppretthalde og styrkje barnehagetilbodet i alle delar av kommunen, tilpasse opningstida til foreldra si arbeidstid. Arbeide for å gje førskuletilbod til born som ikkje går i barnehagen.
- Borna skal ha eit gratis måltid kvar dag i skulen. Utvide skuleveka på barnetrinnet til 28 timer, med leksehjelp og fysisk aktivitet.
- Auke årlige tilskotet med kr. 150.000 til lag og organisasjonar, det skal settes av kr. 100.000 til tiltak for uorganisert ungdom. Vidareutvikle musikk og kulturskulen. Ruste opp Radøyhallen og symjehallen.
- Opne landskapet ved samarbeid og avtaler med grunneigar om å få vekk vegetasjonen som stengjer. Få til gode avtaler om parkering, utsiktsplassar, rasteplassar, og turstiar.
- Landbruk er ein viktig arbeidsplass og eit godt landbruk skaper trivsel og mening for oss alle.
- Skape nye og sosiale møteplasser for handlande med å stø planane om handletorg med tak over på Manger. Arbeide saman med næringsråd og verksemdar for å skape og tilrettelege nye og vidareutvikle eksisterande bedrifter.
- Arbeide for å få ny veg over Radøy med arm til Manger, den må gå nord for sentrum slik at veggen kjem bort frå bustadane og der born ferdast
- Nytt vegsamband Storheimstø- Alversund og ny veg til Vettås må komme snarast. Stader der born ferdast og der det er skule, skal veg med stor trafikk byggast gang og sykkelsti.
- Linjesambandet mellom Mongstad og Kollsnes skal leggest som kabel over Radøy. Ei god klima og miljø utvikling er viktig for oss alle, kommunen skal vere ein viktig pådrivar.

## Valliste Arbeiderpartiet

- 1 **Ragnar Bernhard Floen**
- 2 **Astrid Ervik Nordanger**
- 3 Jostein Borlaug
- 4 Bjørg Tveiten Skiftesvik
- 5 Sven Olav Saltnes
- 6 Ann Christin Hoen
- 7 Bjørnar Dalseng
- 8 Kirsti Gjetle Floen
- 9 Arve Wallem Skjellanger
- 10 Geir Westrum
- 11 Tor Karolius Løkvoll
- 12 Margun Orlaug Taule
- 13 André Michelsen
- 14 Elin Hoff
- 115 Vidar Grindheim
- 16 Grethe Fjeld Alver
- 17 Johnny Hjalmar Johnsen
- 18 Kåre Hole
- 19 Torill Helland
- 20 Erik Aksel Steinsland
- 21 Karl-Inge Ystebø
- 22 Edgar Johan Grindheim
- 23 Norvald Johan Elvik
- 24 Berit Oliva Kvalvik



Lena Bø Nilsen

Namnet mitt er **Lena Bø Nilsen**. Eg er 30 år og har ei dotter på 7 år. Etter å ha jobba innan fleire ulike felt i det private næringsliv sidan eg var 15 år og på ein barneskule i 2003-04, har eg i løpet av dei siste tre åra tatt studiekompetanse og høgskuleutdanning. Pr. dags dato heldt eg på med den 4-årige allmennlærerutdanninga. Ved årets kommuneval er det 3. gong eg stillar til val.

Radøy FrP er oppteken av at kommunen skal ha eit godt og variert tilbod til innbyggjarane. Vi skal gje born og unge gode oppvekstvilkår og ha eit godt og forsvarleg tilbod til dei eldre. Samstundes skal alle dei som ikkje fell inn under denne kategorien og ha tenester som gjer at Radøy er ein god kommune å bu i. For å kunne tilby innbyggjarane i Radøy dette, er vi avhengig av vekst og nyskaping. Det er det lokale næringslivet som er ein stor del av grunnlaget for at dette kan skje. Lokale bedrifter og sikre arbeidsplassar er ein føresetnad for både deg og meg som privatpersonar, og for kommunen som treng inntekter. Dette området meiner vi har vore for lite prioritert tidlegare og ser den økonomiske stoda i kommunen som eit direkte resultat av dette. Vi håpar at det vil snu, og skal gjere vårt til at Radøy vert ein attraktiv kommune for både eksisterande og nye bedrifter. Dette vil igjen føre til meir inntekter og følgjande eit betre nivå på dei tenestene kommunen skal tilby, både lovpålagte oppgåver og det "lille ekstra" som gjer Radøy til ein god stad å bu. Radøy skal ikkje berre vere assosiert som den grøne øya, men som ei grøn øy i ei positiv og framtidretta utvikling.

#### **Nokre av måla våre for dei neste fire åra:**

##### **Ingen auke av eigedomsskatten**

- Vi tek sikte på ein gradvis reduksjon og at vi med tida får fjerna den heilt.

##### **Ny rullering av kommuneplanen = Ja-kommunen**

- Ved å verne dei områda i kommunen som er i ålmenta si interesse for t.d friluftsliv, vil dei resterande areala kunna opnast opp for t.d bustadar. Dette vil gje grunneigarane større mynde over eigne eigedomar. Samstundes vil eit slikt grep føre til ei meir effektiv og rask sakshandsaming, då ein vil unngå mange dispensasjonssøknadar.

##### **Skule**

- Vi vil behalde dagens skulestruktur, med fire barneskular og ein ungdomsskule. Dei som ønskjer å gå på ein annan skule enn den dei soknar til, skal få høve til dette så langt det lar seg gjere.
- Å kunne tilby gratis skuleskyss til dei som har behov for det.

##### **Helse/eldre**

- Ved å samla institusjonsplassane på ein stad, får ein utnytta ressursane betre, både dei menneskelege og økonomiske. Forutsetninga er at det er nok plassar til å dekkje behovet. Dei eldre har krav på å få ein trygg og verdig alderdom, og dei ansatte har rett til ein arbeidsplass som ikkje går på helsa laus.
- Førebyggjande tiltak i heimen er ei god investering, slik at dei som ønskjer det, kan få bu heime så lenge det er mogleg.

##### **Samferdsel**

- God infrastruktur er ein føresetnad for all utvikling. Vi vil jobbe for ny riksveg på vestsida, då det er her vi har det meste av næringslivet i kommunen. Ved å få betre veg her, har vi lagt grunnlaget for det som skal binde Radøy saman med Meland, Askøy og Øygarden i framtida. Dette vil igjen føre til at Radøy vert liggjande midt i smørøuga mellom oljesentra på Mongstad og i Øygarden, og kan gje Radøy del i den same utviklinga som andre "oljekommunar" har tatt del i.

For ei fullstendig oversikt over programmet, få tak i valbrosjyra vår eller gå inn på [www.radoy.frp.no](http://www.radoy.frp.no).

## Valliste Framstegspartiet

- 1 **Lena Kristin Bø Nilsen**
- 2 **Ole Kristoffer Tveiten**
- 3 **Bodil Nora-Masine Sjørven**
- 4 **Tore Martin Hamre**
- 5 **Geir Taule**
- 6 Arild Gisle, Tveranger
- 7 Harald Seilfaldet
- 8 Trond Morten Marøy
- 9 Ruth Kirsten Myking
- 10 Remi André Bø Marøy
- 11 Øystein Seilfaldet
- 12 Brith Helga J Sylta
- 13 Ståle Myking
- 14 Kirsten Olaug Ulvatn
- 15 Willy Gundersen
- 16 Roy-Anders Bø Nilsen
- 17 Morten Solen
- 18 Frode Myking
- 19 Irene-Kristin M Hamre
- 20 Trond Kvalheim
- 21 Aina Rose Bø Nilsen
- 22 Wenche Linda Kalnes
- 23 Asbjørg P Gundersen Bø
- 24 Gunvor Alvilde Tonning



John Bauge

**John Bauge** er fødd i 1944, gift og har 3 born og 8 barneborn. Han arbeider som senioring. i Lindås kommune, og bur på Manger. Ved sida av kommunalpolitikk har John mange interesser som friluftsliv, musikk og arbeid i friviljuge organisasjonar for idrett, og reint faglege medlemsorganisasjonar, m.m. Elles står samferdsel og samfunnsutvikling høgt på den politiske "dagsorden". I siste valperiode har John vore i formannskapet,

er medlem i byggjenemda for Sæbø skule, er leiar for byggjenemd for veg, vatn og avløp, medlem av representantskapet i Regionrådet, og styremedlem i AUFERA AS.

Hovedpunkt frå programmet:

### **TRIVSEL-TRYGGLEIK OG UTVIKLING I RADØY KOMMUNE.**

- Dei store investeringane for kommunen vår dei komande åra vert utbygging av Velferdssenteret på Manger, ny skule på Sæbø, og oppgradering av anlegga for vatn og avløp, det siste som eit viktig miljøtiltak.
- Me vil arbeida for å få nye arbeidsplassar i kommunen, og vera med å sikra og utvikla eksisterande industri og verksemder
- Arbeida sterkt for å betra vegnettet på Radøy, m.a. med ny RV 565, og få planlagt nye vegsamband, m.a. ny veg til Meland med tunell under Bognestraumen, som ein del av ytre sambindingsveg til Askøy og Øygarden
- Trafikksikringstiltak med gang- og sykkelvegar.
- Me vil ha ein god eldrepolitikk, der tiltaka er tilpassa brukarane, m.a. med å styrkja heimetenesene, og skapa eit godt fagleg miljø for dei tilsette.
- Vera med å utvikla Senterfunksjonen på Manger med fleire tilbod, møteplassar, og miljøtiltak,, m.m.
- Vera med å leggja til rette for fleire tilbod til ungdom i kommunen, med særleg tanke på uorganiserte unge.
- At Radøy kommune har ein »sunn» økonomi, der inntektene vert nytta til beste for innbyggjarane, og på ein nøktern og fornuftig måte.
- Ta vare på,-og utvikla dei kulturtilboda vi har, og opna for nye
- Me vil arbeida for å vidareutvikla bustadområda i kommunen, med særleg vekt på miljøprofilen.
- Arbeida for kommunesamanslåing i Nordhordland—på lengre sikt, og på kort sikt,-samarbeid på ulike felt med nabokommunane, der dette og gagnar vår kommune.
- Auka tilskota til friviljuge lag og organisasjonar, og støtta opp om planar for vidare utvikling av anlegg i kommunen.
- Syta for at Radøy kommune har ein effektiv og god administrasjon, med god kompetanse innafor dei ulike områda.

## Valliste Høgre

- 1 **John Magne Bauge**
- 2 **Christel Villanger Håland**
- 3 Audun Sylta
- 4 Linn Merethe Rognsøy
- 5 Eivind, Tveiten
- 6 Henning Haugland
- 7 Roald Olsvold
- 8 Astrid Oline Risnes
- 9 Eva Karin Klausen
- 10 Håkon Lunde
- 11 Bjørn Olav Soldal
- 12 Kenneth Taule Murberg
- 13 Erling Haugland
- 14 Kjetil Per Kvamme
- 15 Lasse Kåre Ståløy
- 16 Jeanette Villanger Håland
- 17 Marit Modahl
- 18 Rune Ulvatn
- 19 Karl Hilding Thunes
- 20 Helge Arne Kolås
- 21 Inger Sjursen
- 22 Svein Karl Sylta
- 23 Edvin Lie
- 24 Roald Svein Erstad
- 25 Svein Ove Bauge
- 26 Olav Leiv Ståløy
- 27 Astrid Thomassen Mjølsvik

## Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2007

Måndag 10. september skal det veljast nytt kommunestyre og fylkesting. Listene ved fylkestinget er blåe, og listene til kommunestyrevalet er kvite.

Mange, kanskje særleg dei som skal røysta for første gong, er usikre på kva som skjer i vallokalet, og korleis røystegjevinga går føre seg. Valfunksjonarane gjev deg all nødvending rettleiing.

Når du kjem inn i røstelokalet, vert du vist til eit rom eller avlukke. Her skal det liggja røstesetlar for alle parti – også blanke setlar og kulepenn. Du kan gjera endringar på røstesetlane slik det står opplyst om på røyste-setelen. Reglane står også lenger nede på denne sida. Før du går ut att av røsteavlukket, skal du bretta røstesetlane kvar for seg, slik at ingen kan sjå korleis du har røysta.

**Nytt ved dette valet er at alle må ha med seg legitimasjon** og helst også tilsendt valkort. Legitimasjon kan vera pass, førarkort eller bankkort med bilete.

Når du kjem ut av røsteavlukket, går du til manntalsbordet. Her må du oppgje namnet ditt, og valfunksjonæren kryssar av i manntalet. Hugs legitimasjon. Deretter skal røstesetlane stemplast på baksida.

Det siste og viktigaste du gjer før du går ut av vallokalet, er å leggja røstesetlane i valurna!

Dersom du ikkje står manntalsført i den krinsen du røystar, gjeld særskilde reglar. Då må røstesetlane leggjast i røstesetelkonvolutt etter at dei er stempla, og deretter i ein omslagskonvolutt.

Veljarar som treng hjelp til å røysta, kan få hjelp av ein valfunksjonær. Veljarar med alvorleg fysisk eller psykisk funksjonshemming kan i tillegg ta med seg ein annan hjelper etter eige val inn i avlukket. Du kan også røysta utanfor vallokalet t.d. i bilen, dersom du ikkje er i stand til å koma inn i vallokalet.

### Rettingar på listene ved kommunestyrevalet

Lokalval er ikkje berre eit val mellom dei politiske parti, men også – iallfall når det gjeld kommunestyrevalet – eit val mellom personar. Ekstra personrøyster og overføring av kandidat frå ei liste til ei anna, gjer at veljarane kan påverka kva for personar som skal sitja i det nye kommunestyret.

### Vil du endra på røstesetelen kan du:

1. Gje kandidat ei ekstra personrøyst (kumulera). Det gjer du ved å setja kryss «X» i ruta ved sida av namnet til kandidaten. Dette aukar kandidaten sin sjanse til å verta vald. Du kan gje personrøyster til så mange kandidat du vil.
2. Gje personrøyster til kandidat frå andre lister. Du kan gje personrøyster til inntil 6 kandidat frå andre lister. Dette gjer du ved å skriva kandidaten sitt namn i feltet nedanfor. Dersom du fører opp ein kandidat frå ei anna liste taper den lista du brukar, ei listerøyst, medan lista kandidaten står på vinn ei listerøyst. Det vil gjera oppteljinga enklare om du også fører på partikode og kandidaten sitt nummer på lista.
3. Du kan **IKKJE** stryka kandidat.



4. Du må endra røstesetelen som forklart med i valoppgjeret. Bruk svart penn eller

### Rettingar på listene til fylkestingsvalet

1. Du kan gje ein eller fleire kandidat ei røyst for namnet. Dette aukar sjansen for å bli vald.
2. Du kan ikkje stryka kandidat eller forandre anna.

### Kven kan røysta

- Norske statsborgarar som har fylt 18 år
- Statsborgarar i eit anna nordisk land som har fylt 18 år og er blitt folkeregistrerte som busette i Norge
- Andre utanlandske statsborgarar som har fylt 18 år og som har stått innførte i folkeregisteret som busette i Norge i siste åra før valdagen

Alle som skal røysta, må vera innført i manntalet der du var folkeregistrert som busett 30. juni 2007. Du får framleis den adressa som du hadde 30. juni 2007.

I Radøy kommune er manntalet lagt ut til tilgjenge i:

- Sørvistorget i rådhuset på Manger
- Radøy bibliotek på Manger

## Røystestadar i Radøy kommune

Alle røystelokala er opne i tida 1400 – 2000

Nordanger grendahus	Nordanger krins
Risnes skule	Risnes krins
Hordabø skule	Haugland krins
Hella skulestove	Hella krins
Sætre grendahus	Sætre krins
Manger skule	Manger krins
»Storhaugstova«, Toska	Toska krins
Kolstad grendahus	Kolstad krins
Marås grendahus	Marås krins
Dale grendahus	Dale krins
Grendahuset på Sæbø	Sæbø krins
Austebygd skule	Austebygd krins
Forsamlingshuset »Vonheim«	Marøy krins
Sæbø skule	Austmarka krins

### Førehandsrøysting

ved kommunestyre- og fylkestingsvalet 2007

Veljarar som ynskjer det, kan førehandsrøysta i tida 10.08. – 07.09.2007. Ta med valkortet du har fått tilsendt og hugs også legitimasjon.

I Radøy kan ein førehandsrøysta slik:

Rådhuset (Sørvistorget) på Manger	
Måndag – fredag	kl 0830 – 1500
Lørdag 1. september	kl 1100 – 1400
Søndag 2. september	kl 1800 – 2000
Tysdag 4. september	kl 1500 – 1700
Onsdag 5. september	kl 1500 – 1700
Torsdag 6. september	kl 1500 – 1900
Fredag 7. september	kl 1500 – 1900

Hordabøheimen	
Tysdag 4. september	kl 1000 – 1200

Velferdssenteret/omsorgsbustadene	
Onsdag 5. september	kl 1000 – 12.30

### Ambulerande røystegjeving

Veljarar som grunna sjukdom eller uførleik, ikkje kan røysta på ovannemnde røystemottak, kan søkja om å få førehandsrøysta der dei oppheld seg. Søknad om slik røysting kan setjast fram pr. telefon 56 34 90 00 eller pr. e-post til [postmottak@radoy.kommune.no](mailto:postmottak@radoy.kommune.no) eller sendast skriftleg til Radøy valstyre, Krossvegen 8, 5936 Manger. Søknaden må vera komen fram seinast torsdag 6. september kl. 15.00.

For informasjon om kommune- og fylkestingsvalet 2007 - sjå kommunen sine heimesider [www.radoy.kommune.no](http://www.radoy.kommune.no).



ovanfor. Andre måtar å retta på vil ikkje telja blyant. Hugs å skriva tydeleg.

### valet

ei personrøyst ved å setja kryss i ruta til ven-  
er at vedkomande vert vald.  
a over kandidatlar frå ei liste til ei

innan utgangen av valåret  
om har fylt 18 år innan utgangen av valåret,  
Norge, seinast 30. juni i valåret  
ar fylt 18 år innan utgangen av av valåret, og  
om busette i Norge, samanhengande dei tre

ntalet. Du står i manntalet i den kommunen  
ei i år. Har du flytta etter dette tidspunktet, er  
juni, som avgjer kvar du har røysterett.

ffentleg ettersyn fram til valdagen på

# Kristeleg folkeparti



Grethe Lunde

**Grethe Lunde** er utdanna kokk, har ein cand.mag. grad med mellomfag i administrasjon – og organisasjonsvitenskap frå UiB og allmennlærerutdanning frå NLA. Ho arbeider no som regionleiar i Bjørgvin for NMS. Grethe har allsidig røynsle både som fylkes- og lokalpolitikar, og samferdsle, næring og landbruk er område som særleg engasjerer. Gode samferdselsløysingar bidrar til at kommunen blir meir attraktiv for nyetableringar innan næring og for folk generelt. Landbruket er i sterk endring, og det blir turvande å arbeida for gode rammevilkår for småbruket, samt styrkja og bruka ordningar som gjer

det mogeleg å utvikla alternativ/tilleggsproduksjon innan næringa. I perioden som har gått, har KrF vore med å sikra best mogelege løysingar for born, unge og eldre, og vida-reutvikling av desse tenestene blir den viktigaste oppgåva dei neste åra. KrF sin visjon for Radøy kommune er at det skal vera ein trygg stad å veksa opp og bli gamal i, og at tilsette og folkevalde saman skal tena kommunen sine innbyggjarar.

**Trygg oppvekst - Betre alderdom :** Radøy KrF har dei kristne grunnverdiane nestekjærleik, forvaltaransvar og menneskeverd som fundament for utforminga av politikken. Me vil ha levande lokalsamfunn, styrkja lokalt folkestyre, stimulering av frivillig innsats, betre vilkår for næringslivet og gode samferdsleløysingar. Me vil satsa på jordbruket i Radøy i eit langsiktig perspektiv, ta vare på matjorda og leggja til rette for alternative driftsformer.

**KrF vil:** At ringveg Nordhordland skal oppgraderast og at det kjem gong- og sykkelveg både nord- og sørover frå Sæbø skule.

At kulturlandskapet skal haldast vedlike blant anna gjennom skogrydding og eit levande jordbruk. Leggja tilrette tilstrekkeleg næringsareal, og stimulera til etablering av ny næringsverksemd. Sikra kyrkja gode vilkår.

**Ein god start.:** Skulen og barnehagane skal byggja på den kristne kulturarven og vera prega av kvalitet. Læringsmiljøet skal vera godt og positivt, utan mobbing. Opplæringa skal vere tilpassa kvar enkelt.

**Radøy KrF vil:** Halda på dagens skulestruktur og styrkja rammetimetalet slik at vaksentettleiken i skulen vert større. Gå inn for at det blir bygt ny skule på Sæbø i tråd med planane som føreligg . At undervisning om rusmidlar vert eit prioritert tema i Radøyskulen

**Tryggleik for born og unge:** Born og unge skal ha ein trygg kvardag , og vi vil bidra til dette gjennom blant anna eit løft til ungdomsmiljøet på Radøy, og vil prioritera førebyggjande tiltak mot rus.

**Radøy KrF vil arbeida for :** Auka ressursar for å betre ungdomsmiljøet på Radøy t.d.gjennom støtte til ungdoms-og idrettsarbeid med aktiv rusfri profil, samt auka ressursar til helsesøster i ungdomsskulen. Frivillige barne og ungdomsorganisasjonar driv eit viktig arbeid, og dette bør bli lagt til rette for i større grad. KrF vil arbeida for at det blir arrangert samlivskurs/foreldrekurs og familievernkantor i Nordhordland.

KrF sin visjon er eit varmt og verdiforankra samfunn, der alle har lik verdi, opplever rettferd og at ressursane vert forvalta til beste for alle. Me vil sikra eit betre offentleg tilbod til familiar med funksjonshemma born.

**Tenkja globalt, handla lokalt:** Me vil ta vare på miljøet gjennom lokale planar for å redusere klimautsleppa, gjennom samarbeid i Nordhordlandsregionen, og ved at miljøomsyn vert høgt prioritert i kommunale avgjersler.

**Radøy KrF vil arbeida for at:** Alle einingar i Radøy kommune skal kjeldesortera, og nye kommunale bilar skal ha så god miljøteknologi som mogeleg. Alle nybygg skal vera lågenergibygg og offentlege bygg bør få vassboren varme, som opnar for bruk av alternative energikjelder Nye kraftlinjer vert lagt i kabel og at det bør vera fylletasjon for miljøvennleg drivstoff i Nordhordland.

**Helse, omsorg og levekår:** Me vil arbeida for å skapa trygge og gode levevilkår for alle. Sjukehusa sender pasientane stadig tidlegare heim, dette gjeld også kvinner som har fødd. Auka ressursar til eldreomsorg og jordmortenesta vil auka tryggleiken etter heimkomst.

**Radøy KrF vil:** Styrkja eldreomsorga gjennom auka ressursar til nattpatrulje, heimeteneste og sjukeheimplassar til dei som har trong for det. Auka jordmorstillinga i kommunen frå halv til heil stilling.

**Ei meir rettferdig verd:** Me vil gjera vårt for å motverka ekstrem fattigdom i verda, og bidra til at fleire får betre tilgong til menneskerettane. Radøy KrF vil arbeida for at: Radøy vert »rettferdig handel-kommune» Crihana Veche kommune i Moldova vert vennskapskommune med Radøy.

## Valliste Kristeleg folkeparti

- 1 **Grethe Lunde**
- 2 **Finn Frantzen**
- 3 Jostein Dale
- 4 Astrid Mellingen
- 5 Rune Mellingen
- 6 Elin K. Håland
- 7 Ingunn Valdernesnes
- 8 Kåre Vågenes
- 9 Arvid Aasgard
- 10 Jarnfrid Gunnarson Thunes
- 11 Mette Hjelmeland
- 12 Berit Grindheim
- 13 Ove Hjelmeland
- 14 Hilde Lunde Martinsen
- 15 Haldis Færøy
- 16 Laila Frantzen
- 17 Lilly Hjelmervik
- 18 Liv N. Mjøs
- 19 Erling Tjore



Bjarte Sæbø

**Bjarte Sæbø** (RV) 41 år, småbrukar på Nordanger .

I velferdsstaten si stordomstid fram til 1980 har det vore viktig for dei politiske parti å visa til at lønns-mottakarane fekk ein stadig aukande del av landet sin totale verdiskapning. Det skjedde m.a. gjennom aukande overføring til kommuneøkonomien. Etter den nyliberale revolusjonen i 80- og 90-åra er det kapitaleigarane som har forsynt seg grovt av samfunnskaka. I 1998 var lønsmottakarane sin del på 70% av nasjonalinntekta. I 2006 er den nede i 52%, medan det norske borgarskapet er inne i ein historisk gullalder.

I dag aukar skilnadane kraftigare enn nokon gong før i Noregs nyare historie.

Det er i kommunane det vert skapt velferd, omsorg, opplæring av den oppveksande slekta, fritidstilbod og kultur. Kommunane sin del av bruttonasjonalproduktet vart fram til 2005 redusert til 11,8%, medan det i same år vart utbetalt 82 milliardar i aksjeutbyte til dei 14.000 rikaste i landet.

- Me har råd til velferd og omsorg
- Me har råd til ein skule der lærarane ikkje har meir enn 15 elevar
- Me har råd til å gje det einskildde barn individuell oppfølging
- Me har råd til ein sosial bustadbygging
- Me har råd til å ta vare på naturen og miljøet
- Me har ikkje råd til meir skattelette til dei rike
- Me har heller ikkje råd til å strupe kommuneøkonomien meir

Difor stiller Felleslista RV og SV til kommuneval og me vil arbeida for:

### Barn og unge i Radøy

- Utvida gratis fritidstilbod til ungdom (allaktivitetshus/ungdomshus)
- Færre elevar per lærar med målsetting om maks. 15 elevar per klasse
- Auka fysisk aktivitet og høve til leksehjelp i ei utvida skuletid
- Gratis SFO – tilbod og billigare barnehage – ingen privatisering!

### Vaksne og eldre i Radøy

- Eit verdig tilbod til alle som har trong for ekstra tiltak
- NEI til all privatisering av pleie- og omsorgstenester
- Nok verna arbeidsplassar og aktivitetstilbod til dei som ikkje kan delta i vanleg produksjon
- Rimelege utleigebustadar for personar med små økonomiske ressursar
- RV/SV vil arbeida for at deltidsstillingar vert omgjort til heiltidsstillingar
- RV/SV vil arbeida for likelønnsprinsipp mellom kvinner og menn, særleg innan pleie og omsorgsyrka

### Kultur

- Tilstetja faste fritidsleiarar med kvalifikasjonar i ungdomsarbeid
- Leggja til rette for grøn turisme på den "grøne øya"
- Nei til utplassering av speleautomatar
- Staten må kompensera for tapte inntekter til idrett og kultur
- Kulturbudsjettet aukast frå 0,5% til 2 % av totalbudsjettet i "Kulturkommunen" Radøy

### Miljøpolitikk/samferdsle

- Radøy kommune må utarbeida ein forpliktande miljøplan
- Kommunale innkjøp kun av miljømerka varer
- Innkjøp av e-bilar for kommunale oppgåver (m.a. heimetenesta)
- Restriktiv haldning ved sal av kommunal eigedom, både areal og bygningar.
- Svært restriktiv haldning til nye hytteområde
- Nye bustadfelt skal ha ei fornuftig plassering til eksisterande sentrum
- Gang- og sykkelveggar i fortetta bustadområde
- Vern av dyrka og dyrkbar jord, også for å halde oppe kunnskapen om jordbruksdrift og matproduksjon
- Vern av strandsona
- Heving av ubåten på Fedje er et absolutt krav
- NEI til bompengar i heile Nordhordland som er ei sær usosial skattelegging
- Satsing på offentleg kollektivtransport betalt av Staten
- Planlegging av ein snøggbane Bergen – Austrheim som det mest omfattande grep mot den aukande forureining gjennom biltrafikken
- NEI til kraftledning frå Mongstad i høgspenn over Radøy
- RV/SV seier NEI til biodrivstoff av matvarer
- Ja til biobrensel frå overskotstrevirke og avfall

## Valliste for Raud valallianse og Sosialistisk Venstreparti

- 1 Bjarte Sæbø
- 2 Gro Borgund
- 3 Roger Gjerstad
- 4 Dag Inge Bøe
- 5 Einar Audun Borgund
- 6 Leiv Vetaas
- 7 Magnar Leonard Bjørkli
- 8 Annette Marie Kierulf
- 9 Michael Bartsch
- 10 Tormod Haugland



Jon Askeland

**Jon Askeland** er 43 år, og bur på Solheim med Jorunn og tre born. Jon har dei siste 15 åra vore tilsett i Felleskjøpet, - dei siste 9 åra som sjef på Vestlandet, og har leia fleire store omorganiseringar der. Kultur og frivillig arbeid er viktig for han, og han har engasjert seg i mange organisasjonar framgjennom. Jon er ein typisk lagbyggjar, men er også eit konkurransemenneske. Sentralt for Jon er å setja seg

mål, og deretter styra etter desse i samhandling med andre. Jon trivst framifrå i livet som radværing, og har som fremste ambisjonar for lokalpolitikken å få til eit breitt engasjement.

### **Vallovnaden vår: Til teneste, som gode tillitsvalde!**

Senterpartiet har site i leiinga av kommunen dei siste 16 åra, og me ønskjer støtta di til å vidareutvikla kommunen vår, som i dag har full barnehagedekning og gode tenester innan dei kommunale ansvarsområda. Me har faktisk ein godt utbygd kommune! Her trengst ingen ny politikk. Men me skal vidare, for det er alltid ugjorte oppgåver. Lovnaden vår er å byggja vidare "stein på stein" ifrå der me er i dag. Me tilbyr oss å vera aktive, pådrivande tillitsvalde for folket i styringa av fellesreiskapen Radøy kommune også i ein ny periode. Sats på oss i kommunestyrevalet i september!

### **Senterpartiet vil prioritera at Radøy kommune:**

- Har effektiv kommunal organisering/service, for å få mest mogleg nytte ut av kvar krone, og held eit forsiktig investeringsnivå framover.
- Vidareutviklar og effektiviserer det interkommunale samarbeidet i Nordhordland.
- Vil setja seg som mål å verta Noregs kulturkommune!
- Tilbyr alle innbuarar, uansett alder, den hjelp dei har bruk for innan omsorg, - helse og sosial.
- Har full barnehagedekning med låge barnehagesatsar.
- Vil vera best på skule, og set seg høge ambisjonar for både skulen og samspelet med heimane.
- Byggjer ringvegen over Radøy (Rv 565), med arm til Manger, i komande valperiode (2007-11).
- Utviklar kommunale etatar som positive pådrivarar og serviceapparat overfor nyskaping og vekst for bedrifter og arbeidsplassar.
- Utviklar ei løysingsorientert rådgjeving og forvaltning overfor næringslivet, slik at alle næringsdrivande oppfattar Radøy kommune som best på service og rådgjeving
- Har nok fagleg kompetanse som aktivt legg til rette for ei god utvikling i landbruksnæringa lokalt.
- Tilbyr industriareal på sær gode vilkår.
- Utviklar Manger senter til eit funksjonelt og attraktivt senter for Radøy.
- Styrkjer rammevilkåra for dei eksisterande verksemdene i kommunen.
- Utnyttar det store potensialet i reiselivsnæringa og legg til rette for nye reiselivs-verksemdar og produkt.
- Tilbyr hjelp til etablering av nye former for havbruk, t.d. kvitfisk og skaldyr.
- Arbeider for auke i folketalet i Radøy, og legg til rette for fleire bustadtomter i heile kommunen.
- Lagar miljøplan for Radøy kommune.
- Krev planlagd høgspenkabel til Mongstad lagd i jord.
- Bidreg til å få heva U864.

## **Valliste for Senterpartiet**

- 1 **Jon Askeland**
- 2 **Monika Soltveit Gabrielli**
- 3 **Marit Haugland**
- 4 **Vigdis Villanger**
- 5 Ingvill Taule
- 6 Oddmund Bertin Skjelvik
- 7 Elin Morken
- 8 Kjersti Haugland
- 9 Arvid Storheim
- 10 Anna Maria Gjerde
- 11 Johannes Magne Mangersnes
- 12 Anne Berit Bø Palmesen
- 13 May Britt Haugland
- 14 Roald Egil Straume
- 15 Lin Tove Thomassen
- 16 Silje Namtvedt
- 17 Sissel Merete Nordanger
- 18 Vegard Frigstad Soltveit
- 19 Marita Bruknapp Taule
- 20 Solfrid Burkeland Smith
- 21 Bjørnar Floen
- 22 Hilde Lervik Helland
- 23 Normann Jostein Sæbø
- 24 Ludvig Grindheim
- 25 Inger Aasta Lygren
- 26 Asgeir Svein Nøttveit
- 27 Arvid Magnusson Taule
- 28 Jan Kjetil Vikøren
- 29 Åse Eriksen
- 30 Atle Henning Mariussen
- 31 Jarle Helland



Bjørg Taule Murberg

**Bjørg Taule Murberg** er fødd i 1954, og er ordførarkandidaten til Venstre. Bjørg er gift og har vaksne 3 born. Ho arbeider som sekretær i pleie- og omsorg.

Bjørg ynskjer å leva opp til kommunen sin visjon om "Trivsel, tryggleik, livskvalitet for alle". ein kommune til beste for innbyggjarane. - " Eg vil arbeide for at fleire vel å busetja seg i kommunen, samt at nye næringar ynskjer å etablere seg i Radøy, mellom anna få "fart" på bygging i søre del av kommunen. Dei som veks opp her må ha gode tilbod som gjer at dei vil attende til Radøy som vaksne og at me då har tomtar å tilby. I arbeidet med sentrumsplanen vil eg få til ei god senterutvikling, byggja ferdig skulen på Sæbø/Austmarka og sjukeheimsavdelinga ved Velferdssenteret på Manger.

#### **Den som røyster på Venstre vil at me skal arbeida for:**

Satsing på skulen er å få gode lærekrefter i gode skulebygg, men og å gje eit leirskuleopphald i løpet av åra i grunnskulen. Vidare vil me at ikkje berre avstand, men og at trafikktilhøve skal vera ein grunn til fri skuleskyss. Skulefritidstilbodet skal vera 11 månader og barnehagane skal ha brukarvenlege opningstider. Me vil og ha auka fokus på kosthald i skule og barnehage. Næring = læring.

Venstre vil støtta ungdomsarbeid og arbeid i frivillige lag og organisasjonar og gjera vårt til å laga gode møteplassar i levande grender.

Heimetenestene skal styrkjast for at dei som har trong for det får hjelp når behovet oppstår. For familiar med stort omsorgsansvar vil me laga gode avlastingsordningar. Ei ferdiggjering av sjukeavdelinga på Velferdssenteret er viktig for Venstre.

Venstre arbeider for betring av vegstandarden, utbetring av fylkesvegane og godt vedlikehald av kommunale vegar. Me vil ha ei auka satsing på arbeidet med gang- og sykkelvegane.

Venstre vil ha gode bumiljø og oppvekstmiljø for barn og unge, at kommunale bygg skal få turvande vedlikehald er viktig for gode miljø. Vidareutvikling av Radøyhallen, området kring og miljøet, er viktig. Her skal det verta ein god stad å vera for alle.

Miljø er ei sak Venstre har vore oppteken av lenge. Me vil vera aktive i arbeidet med miljøplanen og arbeida for at ubåten ved Fedje skal opp, store kraftleidningar kjem i jord, sikring av friluftareal og at skogsvegane bygd med offentleg støtte skal kunna brukast som turvegane tilrettelagt for funksjonshemma. Venstre arbeider for å redusera forsøpling, td. gjennom å redusera bruk av unødige emballasje.

Venstre vil tilsetja ein næringskonsulent som aktivt arbeider med næringsfremjande tiltak for eksisterande næringsliv og legg til rette for etablering av nye arbeidsplassar. Venstre vil ikkje ha auke i eigedomsskatten. Kortreist mat er viktig for å redusera miljølempene med transport. Å leggja til rette for småskalaproduksjon av lokal mat er viktig for å ta vare på miljøet og for å ta vare på primærnæringane. Venstre vil stimulera til matvareproduksjon bygd på lokal tradisjon og bruk av lokale råvarer.


Bruk røysteretten, Røyst Venstre. Eit ansvarleg val for eige tilvære og for fellesskapet.

Meir om programmet finn du på heimesida til Venstre: [www.venstre.no/radoy](http://www.venstre.no/radoy)

## Valliste for Venstre

- 1 **Bjørg Edith Taule Murberg**
- 2 Jan Tore Hvidsten
- 3 Sølvi Merete Mangerøy
- 4 Anne Berge Brattetaule
- 5 Robert Urhaug
- 6 Sigstein Århus
- 7 Birthe Haugland Frotaule
- 8 Geir Richard Sæbø
- 9 Therese Murberg
- 10 Truls Reigstad
- 11 Jorunn Helen Nesheim
- 12 Magnar Kartveit
- 13 Gro Sylta Paulsen
- 14 Wenke Tolleshaug
- 15 Knut Ragnar Skjelanger
- 16 Johanne Karin M Halland
- 17 Øystein Marås
- 18 Sigmund J Grindheim
- 19 Kjersti Oddveig Mjøs
- 20 John Arild Mangerøy
- 21 Torbjørg Jordal Kolstad
- 22 Svein Olav Frydenlund
- 23 Torstein Vik Århus
- 24 Harald J Stanghelle
- 25 Øystein Frotaule
- 26 Øystein Bergvoll
- 27 Heidi Ulvatn Sylta
- 28 Anne Karin Manger Fjeld
- 29 Frode Hervik
- 30 Torbjørn Drivenes
- 31 Arne Villanger

## Politisk organisering i Radøy kommune



### Administrasjonsutvalet

er personidentisk med formannskapet. I tillegg kjem to representantar for arbeidstakarorganisasjonane.

### Eldrerådet

To representantar vert vald frå kommunestyret. I tillegg vert det vald fire alderspensjonistar.

### Barne- og ungdomsrådet

skal ha 13 medlemmer: 1 elev frå kvar ungdomsskuleklasse og 5 representantar frå aldersgruppa 16-19 år.

### Kommunalt råd for funksjonshemma

har 9 medlemmer: 3 frå kommunestyret, 3 frå administrasjonen og 3 frå dei funksjonshemma sine organisasjonar.



Me undrar oss på ... ? Foto: Kjersti Isdal